

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland – uttale frå Atheno AS

Atheno er det regionale næringsselskapet i Sunnhordland. Høyringsrunden i Atheno bygger på ein prosess der næringslivet er blitt invitert til å koma med innspel. På bakgrunn av dette ønskjer Atheno og gje følgjande innspel til planen.

Sunnhordland er ein av Noregs viktigaste og største industriregionar og for Sunnhordland er det difor viktig at planen tek opp i seg det regionen er sterke på og vidareutviklar dette:

- Ekspansjon innanfor marin industri og næring
- Bygge på eksisterende olje og gass kompetanse
- Bygge på prosess (eksempelvis aluminium og fiskeforedling) kompetanse
- Bygge på vår maritime industri
- Utnytte den lokale krafttilgangen
- Nærleik til havet generelt
- Sjønære industriareal
- Teknologiklyngar

For Sunnhordland er det viktig at ein også i framtida legg til rette for *Innovative og inkluderande bo og arbeidsregionar* og det er viktig å tiltrekke og utvikle *arbeidskraft – menneska*. Samspelet med Haugalandet er svært viktig for Sunnhordland og det er viktig at fylkeskommunen tek høgde for dette i sine planar. For at ein skal lykkast meiner Atheno at det er viktig å få på plass:

Styrka verkemiddel og næringsutvikling regionalt

- Sunnhordland som «hub» for Innovasjon Norge
- Atheno som regionalt nav
- Attraksjon Sunnhordland som regionalt verktøy
- Regional industriell deltaking i fylket sine fora for næringsutvikling

Læringsarenaer

- Styrka HVL regionalt – komplementær sysselsetjing
 - Kortreist forsking og utvikling
 - Regional ingeniørutdanning
- Framtidas fagarbeidar – regionalt fagutdanningssenter

Betre infrastruktur

- Hordfast må byggast snarast
- Tilførsel til Kvinnherad og Austevoll må byggast snarast
- Ferdigstilla Bømlopakken snarast
- E134 som hovudveg til austlandet må prioriterast av fylket

For næringslivet i Sunnhordland er det viktig at det vert lagt til rette for næringsareal og næringsklynger

- Tenke stort når ein utviklar næringsareal
- Syte for nok grøn energi - utnytte den lokale krafttilgangen
- Overføring og nett er flaskehals
- Prioritere bruk av grøn energi
- Syte for digital kapasitet og overføringskapasitet

Atheno ønskjer avslutningsvis å rosa fylkeskommunen for eit godt grunnlag og ser fram til eit godt samarbeid til det beste for heile Vestland fylke.

Stord, 18 mars 2021

Lars Solberg
styreleiar

Astrid Kjellevold
dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift

Eigarar og medlemmer

